



Statens vegvesen
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 Lillehammer

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/425 - 22/23421

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
22.03.2022

Oversender søknad til uttale tilbygg til driftsbygg gbnr 171/5 Seim - trondheimske vegen

Tiltak: Tilbygg/driftsbygning
Byggjestad: Gbnr: 171/5
Tiltakshavar: Aleksander Hjelmtveit
Ansvarleg søkjar:

Saka gjeld søknad om oppføring av tilbygg til driftsbygg med bruksareal på 32,5 m² på gbnr 171/5 Seim mottatt 14.01.22. Tilbygget er naudsynt for produksjon på garden. Kulturavdelinga, byggesak avd. og Landbruksavdelinga i Alver kommune har vore på synfaring på staden og observerte gard i drift med utegangar sau produksjon.

Vurderinga var at regulert offentleg gangveg OG3 er lite naturleg å etablere/nytte av turgåare då det ligg per dags dato etablert vegtilkomst til nabobustad på gbnr 171/10 Seimsleitet 19 som turgåare kan nytte for å kome til Håkonshaugen og eldre kyrkjegard.



Vurderinga er at tilbygg med lengde på 6,5 m og breidde på 5 m kjem ikkje i konflikt med trondheimske vegen og regulert gangveg OG3.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Seim Kyrkjegard og Håkonshaugen amfi med idnr 1263 200104 er definert som B3 bustadføremål .

Tiltakshavar meiner at avstand til regulert verneområde SP3, SP5 og OG3- offentlig gangveg er ivareteke.



Administrasjonen meiner at det er avstand på 5,086 meter frå B3 til SP- sikringsone for verneområde då tilbygget har lengde på 6,5 meter og kan krevje dispensasjon frå plan- og bygningslova frå både planføremål SP3, 5 - verneområda. Slik administrasjonen ser utifrå teikningar at port ligg mot trondheimske veg. Sjø vedlagte trase til trondheimske vegen.

Det ser slik ut at tiltaket krev dispensasjon frå Kulturminnelova, jf. reguleringsplan føresegn pkt. 3.3. Den skal handsamast av Vestland fylkeskommune.

Dispensasjon

Kommunen skal vurdere saka. Mellom anna skal kommunen vurdere om vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylt og kva for konsekvensar tiltaket kan ha for verneområde, trondheimske vegen og gangvegen.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3). Søknaden kom inn **den 14.01.22** vi ber om prioriteringa av saken.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

sikringssona og trondheimske veg trase gbnr 171/5

G.nr.171 B.nr.5_regplan (1)

G.nr.171 B.nr.5_sikringsone (1)

MicrosoftTeams-image (3)

Tilleggsinformasjon i sak - gbnr 171/5 Seim

Bilde 1

Bilde 2

kart

Søknad om løyve til tiltak - gbnr 171/5 Seim

Nabovarsel

Situasjonskart

Tegninger

Kart

Redgjørelse for tilbygg

Mottakarar:

Statens vegvesen

Postboks 1010 Nordre Ål

2605

Lillehammer